

WACO Forsikringsmekling AS
Postboks 154
4349 BRYNEDato: 31.05.2016
Vår ref.: 2016/5342-4
Saksbehandlar: fradahl
Dykkar ref.:

FORSIKRINGSMEKLING - INTENSJON OM TILDELING AV KONTRAKT

Hordaland fylkeskommune takkar for tilbod på forsikringsmekling. Vi fekk til saman fire tilbod og alle tilbydarane var kvalifisert for oppgåva.

Vi er no ferdig med evalueringa av tilboda. På bakgrunn av evalueringa har vi i dag bestemt oss for å tildele kontrakt på forsikringsmekling til Waco Forsikringsmekling AS.

Tildelingsbrevet og grunngjevinga følgjer reglene i Forskrift om offentlege anskaffingar paragraf 22-3 første og andre ledd jf. paragraf 20-16 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget som inneber at kontrakt skal tildelast den som gjev det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

NR	TILDELINGSKRITERIUM	VEKT - PROSENT
1	Pris	30
2	Kvalitet	40
3	Tilbydd kompetanse	30

Waco Forsikringsmekling har etter vår vurdering levert det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

Nærare grunngjeving for vår avgjersle

Kriterium 1 Pris

Total pris for oppdraget i avtaleperioden er berekna basert på årleg fastpris for dei fire åra kontrakten kan gjelde. For personforsikring og skadeforsikring er det lagt til grunn 3 anbudsrunder for avtaleperioden. Det er vidare føresett at det vert arrangert 20 informasjonsmøter (5 årlege møter) i avtaleperioden ut over dei som er inkludert i den årlege godtgjersla.

Kriterium 2 Teknisk og funksjonell løysing

WEB-dialog – løysing og design

Alle tilbydarane tilbyr WEB-dialog til Hordaland fylkeskommune. WACO Forsikringsmekling AS sin løysing har fått høgare score fordi den ettervår vurdering har svært gode funksjonar knytt til administrasjon av Hordaland fylkeskommune sine bygg og anlegg.

Dokumentasjon – vilkår og føresegner

Alle tilbydarane kan legge inn ulike dokument på WEB-dialogen – til dømes forsikringsvilkår og tilhøyrande føresegner.

Opplæringsprogram

Alle tilbydarane har program for opplæring av tilsette og leiarar. WACO Forsikringsmekling AS sitt tilbod er betre enn dei andre tilbydarane fordi det mellom anna vert tilbydd intraktive kurs over intranett.

Informasjonsmateriell

WACO Forsikringsmekling AS si løysing har etter vår vurdering betre informasjon for den einkilde tilsette basert på søkefunksjon for individuelle kjenneteikn som mellom anna alder og løn.

Skadeførebyggjande program

I høve til skadeførebyggjande program er tilboda frå Aon Norway AS, Norwegian Broker AS og WACO Forsikringsmekling AS vurdert som svært gode og dei er alle gitt høgaste score.

Kriterium 3 Tilbydd kompetanse

Alle tilbydarane har tilgang på relevant juridisk spisskompetanse og har medarbeidarar som har svært brei og lang røynsle frå fagområdet med tilhøyrande og relevante autorisasjonar. Alle tilbydarane er gjeve høgaste score.

Waco Forsikringsmekling AS si berekning av økonomisk fordelaktigheit (jf Konkurransesgrunnlaget pkt 4) går fram av tabellen nedanfor:

BEREKNING AV ØKONOMISK FORDELAKTIGHEIT			
	WACO	VEKT	WACO
PRIS	5,9	30	1,77
KVALITET - TEKNISK OG FUNKSJONELL LØYSING	6	40	2,4
WEB-dialog - løysing og design	6		
Dokumnet i fulltekst - vilkår og føresegner	6		
Opplæringsprogram - for tilsette og leiarar	6		
Informasjonsmateriell - for tilsette og leiarar	6		
Skadeførebygging - program	6		
KOMPETANSE	6	30	1,8
CV	6		
Røynsle	6		
SUM		100	5,97

Waco Forsikringsmekling AS har gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbodet på forsikringsmekling til Hordaland fylkeskommune.

Det vert gjort merksam på at oppdragsgjevar tidlegast kan inngå kontrakt etter ein karenstid på 10 dagar (ved utsending på e-post) rekna frå den dag etter at melding om tildeling er sendt, jf Forskrift om offentlege anskaffingar paragraf 22 – 3 tredje ledd.

Eventuell klage må vere innkomen innan 20 juni kl 10.00.

Vi vil ta kontakt med Dykk når klagefrist er utgått for å avtale underteikning av kontrakt og avklare nærare rundt start av arbeidet.

Trond Amundsen
leiar

Frank Dahl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.